



## Notat

### Emne: Vedr. søknad om tilskot til ladeinfrastruktur 2016

Radøy kommune ønsker å styrke ladeinfrastrukturen i kommunen, og søker om støtte til totalt 10 ladepunkt. Dei ti ladepunkta er i hovudsak lagt til kommunesenteret Manger. Kommunen har i overkant av 5000 innbyggjarar. Kommunen har tidlegare etablert ladepunkt ved rådhuset, Radøy ungdomsskule, Hordabø skule, Velferdssenteret og heimetenesta, Helsehuset samt Sæbø skule/barnehage. Ladepunkta som vi søker om støtte til å etablere er lokalisert i tilknytning til dei kommunale bygga, og handler i stor grad om å utvide kapasiteten som alt er etablert.

#### Følgjande plassering er prioritert:

**Rådhuset:** Kommunen hentar i desse dagar inn tilbod på el.bil knytt til aktivitet ved rådhuset. Det er større pågang på ladepunkta enn det er kapasitet til pr i dag.

Ønskje om 4 nye ladepunkt.

**Radøy ungdomsskule/Radøyhallen:** det er ønskjeleg å utvide kapasiteten for lading på parkeringsplassen som er etablert for Radøy ungdomsskule. Denne vert også nytta av gjester i Radøyhallen (idrettshall) på ettermiddagstid. Pga. avgrensa tilgang på parkeringsplassar tett ved Radøyhallen, vil det vere ein vinn-vinn-situasjon å utvide kapasiteten på skulen sitt parkeringsområde like ved. Då får tilsette ved skulen eit betre tilbod på dagtid, og gjestar på ettermiddagstid får også betre tilgang på ladepunkt.

Ønskje om 2 nye ladepunkt.

**Helsehuset:** Det er ønskjeleg å utvide kapasiteten ved Helsehuset med to nye ladepunkt. Helsehuset rommar tenester med stor publikumskontakt (lege, fysio., tannlege mm), og har tilsette med lang reiseveg som ønsker tilgang på ladepunkt.

Ønskje om 4 nye ladepunkt.

**Austebrygd skule:** nyetablert parkeringsplass ved skule, og ingen etablerte ladepunkt pr i dag.


Ønskje om to nye ladepunkt.

Vi ser ei utvikling der stadig fleire tek i bruk el-bil og det er større pågang på ladepunkta enn det som er tilgjengeleg. Samstundes er det grunn til å tro at fleire vil vurdere bruk av el-bil dersom de opplever at tilgangen på ladepunkt er tilfredsstillende. Tilsette i kommunen vert gjennom utbyggingen av ladeinfrastruktur oppmoda om å nytte el-bil for å komme seg på jobb, og semihurtiglader kan derfor vere eit godt alternativ for behovet som skal dekkast.

Det finnes ingen hurtiglader i Radøy kommune, men Manger er eit prioritert område for tildeling av støtte til dette frå Hordaland fylkeskommune.

Ettersom kommunen ønskjer å leggje til rette for tilsette og andre som vil pendle til jobb og la bilen lade opp i arbeidstida, vert ei løysing med ladepunkt på ca 7.5 kW (mode 3, type 2) vurdert som ei trygg og tilfredsstillande teknisk løysing, t.d. ved kjøp av ladestolpe med to kontaktar (total effekt 15kW) som kan forsyne to parkeringsplassar .

## Mode 3



Det vert søkt om tilskot til 12 ladepunkt a kr 25 000,-. Spesifiserte investeringskostnader vert ettersendt snarast.

---

Saksbehandler: Sektor for drift og forvaltning/Lisbeth Toppe Alvær

Vår referanse: 16/624 - 16/6554 / FA - Q60

Dato: 12.05.2016